



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan for Osen naturreservat i Molde kommune



Bildet på framsida viser Osen naturreservat i Molde kommune (foto: Fylkesmannen).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:
2014:2

Dato:
18.09.2015

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR OSEN NATURRESERVAT

Forfatter:

Maria Aastum og Jorunn Mittet Eriksen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjenner med dette forvaltningsplanen for Osen naturreservat, jf. Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, freding av Osen naturreservat, Molde kommune, Møre og Romsdal, av 08.11.2002, § 8.

Referat:

Osen naturreservat blei verna i 2002 som ein del av verneplan havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Området er verna for å ta vare på eit landskap som inneheld strandenger og vågos ved utløpet av eit verna vassdrag med eit stort sett intakt økosystem. For å ta vare på desse verdiane er det vedteke verneforskrift for området. Denne forvaltningsplanen skal utdjupe kva som er tillate og kva som er forbode etter forskrifta. Planen skal vidare kartlegge verneverdiane og brukarinteressene, samt definere bevaringsmål og tiltaksbehov.

Bevaringsmåla i forvaltningsplanen er fastsett med bakgrunn i verneformålet. Dei viktigaste verdiane i reservatet er knytt til sjølve vågosen og strandengenev. Forvaltningsplanen definerer tiltak som å kartlegge naturtypar og artar, auke beiteaktivitet og rydde reservatet regelmessig for søppel.

Forvaltningsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

Emneord:

Naturvern, naturkvalitet, forvaltningsmål, bevaringsmål, skjøtsel.

ISBN (Nett utgåve): 978-82-7430-285-3
ISSN: 1891-876X

Ola Betten
Fagansvarleg

Linda Aaram
Direktør miljøvernavingdelinga

Innhald

| | |
|--|----|
| 1 INNLEIING | 6 |
| 2 SKILDRING OG STATUS | 7 |
| 2.1 Områdeskildring | 7 |
| 2.2 Eigedomsforhold | 8 |
| 2.3 Brukshistorie..... | 8 |
| 2.4 Naturfaglege verdiar | 8 |
| 2.4.1. Vegetasjon..... | 8 |
| 2.4.2. Fugle- og dyreliv | 9 |
| 2.4.3. Truslar..... | 9 |
| 2.5 Bevaringsmål | 10 |
| 2.5.1 Vegetasjon..... | 10 |
| Tabell 1: Bevaringsmål og tiltak for Osen naturreservat..... | 11 |
| 3 BRUKARINTERESSER | 13 |
| 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser..... | 13 |
| 3.2 Jordbruk og skogbruk | 13 |
| 3.3 Friluftsliv, jakt og fiske..... | 15 |
| 3.4 Informasjon | 16 |
| 3.5 Bygningar og tekniske inngrep | 16 |
| 3.6 Kulturminne..... | 17 |
| 4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK | 17 |
| 4.1 Oppsyn..... | 17 |
| <i>Status</i> | 17 |
| 4.2 Skjøtsel | 18 |
| 4.3 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar | 18 |
| 4.4 Informasjon | 19 |
| 5 SAKSHANDSAMING | 19 |
| 5.1 Forvaltingsstyresmakt | 19 |
| 5.2 Lovverk, føringar og forvaltning | 19 |
| 5.2.1 Verneforskrifta | 19 |
| 5.2.2 Naturmangfaldlova..... | 20 |
| 5.2.3 Forholdet til anna lovverk | 21 |
| 5.2.4 Utgreiing om unntaksreglane i verneforskrifta | 21 |
| 5.2.5 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak | 22 |

| | |
|--|----|
| 5.2.6 Skjøtsel | 23 |
| 5.2.7 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta | 23 |
| 5.2.8 Retningsliner for sakshandsaming..... | 23 |
| 6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT | 24 |
| 7 REFERANSAR..... | 25 |
| Publikasjonar | 25 |
| Nettstader | 25 |
| 8 VEDLEGG..... | 26 |
| Vedlegg 1 – Verneforskrift Osen naturreservat | 26 |
| Vedlegg 2 – Naturmangfaldlova | 29 |
| Vedlegg 3 Vernekart..... | 31 |
| Vedlegg 4 – Tabell over planlagde tiltak | 32 |
| Vedlegg 5 – Informasjonstavle | 33 |
| Vedlegg 6 - Sakshandsaming forvaltingsplanen..... | 34 |
| Høyring | 34 |
| Vurdering..... | 34 |

1 INNLEIING

Osen naturreservat i Molde kommune (figur 1 og vedlegg 3) vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. november 2002 som ein del av verneplan for havstrand/elveos i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga er å ta vare på eit landskap som inneheld strandenger og ein vågos ved utløpet av eit verna vassdrag med eit stort sett intakt økosystem. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltningsstyresmakt for Osen naturreservat.



Figur 1: Osen naturreservat i Molde kommune (foto: Øyvind Leren, 2015)

Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta (vedlegg 1). Planen kan ikkje utforme retningsliner som går ut over det som er heimla i forskrifta. Vidare skal forvaltningsplanen sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningsliner for bruk, informasjon, skjøtsel og sakshandsaming. Planen skal gi ei skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser i området, og med bakgrunn i denne informasjonen definere bevaringsmål. Vidare skal planen skildre naudsynte eller ønskja skjøtselstiltak, samt synleggjere ansvarsforhold og forvaltningsstyresmakt. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningsliner for forvaltninga av området.


Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeida i 1994 i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal ein fylkesdelplan for elveoslandskap i fylket. Formålet var å leggje eit betre grunnlag for ei heilskapleg forvaltning av denne naturtypen.

2 SKILDRING OG STATUS

2.1 Områdeskildring

Osen naturreservat er ein skjerma vågos ved utlaupet av Oselva inst i Fannefjorden. Inst i vågen har Oselva ført med seg og lagt opp grus i eit stort, flatt område - grusøyrrer. Når vatnet i utløpet misser farta, vil materialet som vatnet transporterer gradvis botnfelle. Størstedelen av dette materialet (vanlegvis sand og grus) blir ført ut og avsett i skrålag utanfor deltakanten like under fjøremålet. Saman med landhevinga fører dette til at deltaflata byggjer seg sakte opp over havnivået. Deltaet består såleis av ei oversjøisk og ei undersjøisk flate som delvis vert tørrlagt ved fjøre sjø. Lenger ut har isbrear under istida lagt opp randmorenar. Desse kan vi i dag sjå som to utstikkande nes i fjorden. Ein holme er òg med på å gjere elveosen ekstra skjerma mot vêt og vind. På grunn av dette er det utvikla lite strandsediment i området. Osen er relativt urørt, med få vesentlege inngrep. Strandengene grensar mot dyrkamark, gråorskog og noko furuskog.

Dei to vatna Fosterlågen og Osvatnet lenger opp i vassdraget jamnar ut vassføringa i elva. Vassdraget er verna.



Figur 2: Osen naturreservat ligg inst i Fannefjorden i Molde kommune

Området dekkjer eit totalareal på om lag 256 dekar, av dette er ca. 211 dekar sjø. Heile 80,3 % av det totale arealet er såleis vatn. Vidare er 10,7 % lauvskog, 3,9 % innmarksbeite, 2,9 % barskog, 2 % er «anna jorddekt fastmark» og 0,3 % er dyrka mark.

I følgje vegetasjonsatlasen (Moen, 1998) ligg Osen naturreservat innafor sør-boreal sone (sørleg barskogsone). Barskog dominerer i denne sona, men det finst store areal med oreskog og høgmyr, samt bestander av edellauvskog og tørreng-vegetasjon. Typisk for sona er eit sterkt innslag av artar med krav til høg sommartemperatur. Denne sona dominerer ved havnivået på vestlandet nord for Sunnmøre. I kystområda i Møre og Romsdal går sona opp til om lag 200 meter over havet, medan den i dei indre strok (Romsdalen, Sunndalen innover til Lønset) går opp til om lag 400 moh.

Osen naturreservat er verna for å ta vare på det biologiske mangfaldet i området. Naturreservat er overvintringsområde og rasteplass for vassfugl med lokal verneverdi. Det er eit særskilt viktig

funksjonsområde også for andre fugleartar som er knytt til våtmark. Disse er alle ført opp på Raudlista for truga artar (2010). Oselva har stor produksjon av både laks og aure.

2.2 Eigedomsforhold

I verneforskrifta er følgjande eigedommar lista opp innafor Osen naturreservat:

Gnr/bnr: 87/1 og 2, 88/1, 3 og 6, 90/1 og 3, 92/3.

Sidan 2002 da området vart verna, har det vore gjort endringar i eigedomsforholda, og ved ein ny sjekk fann vi at gards- og bruksnummer 87/2 ikkje er innafor vernegrensene. Vidare viser det seg at gnr/bnr 87/7, 88/5 og 7 og 92/10 (fylkesvegen) har areal innafor det verna området. Forskrifta vil bli retta opp.

2.3 Brukshistorie

Grunneigarar har heldt området i hevd i mange år. Områda var tidlegare nytta til beite for storfe, hest og sau. I 2014 har det vore geiter innafor reservatet. Det er bra for verneverdiane om beiteaktiviteten tek seg opp.

Området har lenge vore nytta til friluftsliv, og då særleg fiske i elva. På sørsida av elva er det eit par stader sett ut benkar, stativ for fiskestenger og søppeldunkar. Området er òg nytta til bading, men ikkje på ein bestemt badeplass.

Fleire har båt i området, og ein grunneigar har gjennom erstatningsskjønnet fått godkjent å bruke traktor til utsetting av båt så lenge dette ikkje skader terreng eller vegetasjon.

Det er tre fritidseigedomar med areal innafor reservatet. Eigarane nyttar naturlegvis fjøra innanfor reservatet til ulike formål. På eigedomen lengst vest på nordsida blir graset slege innafor reservatet.

Det er registrert eldre, verneverdige naust både på Malmen på sørsida, og på Haugneset på nordsida av reservatet. Naustet på Malmen er bygd på 1800-talet. Rett aust for naturreservatet, på nordsida av Oselva, ligg restar etter Osen Jernverk, eit kulturmiljø som er vurdert å vere av regional verdi i forslag til *Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi*.

Det har vore praksis å ta ut sand i området, og i erstatningsskjønnet vart ein grunneigar gjeve 5-årig løyve til grustekt.

2.4 Naturfaglege verdiar

2.4.1. Vegetasjon

Dei viktigaste botaniske verneverdiane i reservatet er knytt til strandengene. Her veks ulike grasartar og andre plantar som i varierende grad blir påverka av sjøvatn og ferskvatn. I ei strandeng vert såleis variasjonen mellom plantesamfunna stor. Nokre artar toler mykje sjøvatn, medan andre veks der påverknaden frå sjøen er liten. Slike område får særeigne økosystem og eit rikt biologisk mangfald.



Figur 3: Strandkryp.
Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Figur 4: Saltstorr er ein sjeldan art som er påvist i Osen naturreservat. Foto: Egil Michaelsen

Osen naturreservat er middels artsrikt med 55 registrerte artar. Krypkevein-eng er den dominerande samfunnstypen. Av andre samfunnstypar kan vi nemne raudsvingel-eng, strandkryp-grusstrand og høgurt-fleirårvoll med mjøddurt som dominerande art. Ein sjeldan art, saltstorr, er påvist. I ein næringsrik poll lengst i aust i naturreservatet er det funne ein førekomst av elvemose.

2.4.2. Fugle- og dyreliv

Osen naturreservat er eit særst viktig funksjonsområde for fugleartar som er knytt til våtmark som til dømes siland, gluttsnipe og raudstilk. Området er eit viktig overvintringsområde og rasteplass for vassfuglar. Av sjeldne artar som er registrert i området kan vi nemne songsvane, fiskemåse, strandsnipe, og svartand. Dei tre siste er ført opp på Raudlista for truga artar (2010). Andre registrerte artar er laksand, stokkand, ærfugl og trane. Dei grunne områda er eit godt matfat for både fisk og fugl, og Oselva har stor produksjon

både av laks og aure. Den framande arten kanadagås er observert med ungar i hekketida på den langstrekke holmen i Osen. Det vil settast inn tiltak for å hindre vellykka hekking innafor reservatet for denne arten.

Det er registrert elvemusling innafor vernegrensa. Dette er ein art som er vurdert som trua i kategorien sårbar. Globalt sett er arten vurdert til å vere sterkt trua. Noreg har i dag godt over halvparten av den europeiske bestanden av elvemusling. Vi har difor eit spesielt ansvar for å ta vare på arten.

Habitatendringar er den viktigaste trugslen mot elvemuslingen. Det vere seg endringar som følgje av vassdragsreguleringar, mudring, elveførebygging mv.

2.4.3. Truslar

Tilstanden til dei viktigaste verneverdiane i Osen naturreservat er relativt god. Det er likevel fleire faktorar som har negativ



Figur 5: Raudstilk. Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

innverknad på naturkvalitetane og som må følgjast opp på ulike vis.

Som eitt av få naturreservat i fylket er det i Osen ikkje registrert planteartar som er oppført på Artsdatabanken si «Svarteliste». Artane på svartelista er framande artar i naturen, dei spreier seg raskt og har evna til å utkonkurrere stadeigne plantar. Det er eit veldig bra utgangspunkt, og det er viktig å behalde reservatet fritt for framande artar.

I sårbar natur som strandenger må det ikkje dumpast hageavfall som kan innehalde delar av svartelista arter då desse lett spreier seg anten med langliva frø eller berre med små plantedeler.

Det er opp gjennom tida gjort fleire små inngrep i Osen. Mellom anna er det teke ut grus i området. Nedanfor det vestlegaste naustet på nordsida av vågen blir graset slege som plen, og her er det også etablert ein bål plass. Også på sørsida av vågen nedanfor ein einebustad er det ein bål plass kor det mellom anna blir brent sankthansbål. Generelt skal det ikkje etablerast bål på strandengene. Vegetasjonen blir øydelagt og rundt bål plassen blir det tilført næringsrike stoff som kan endre vegetasjonen (sjå kap. 3.3).

Vidare er det viktig å hugse på at brenning av trevirke med gamal maling eller trykkimpregnert trevirke kan føre til opphoping av mellom anna tungmetallar som kan føre til helseskade.

Til Osen kjem det inn mykje søppel frå havet kvar vinter. Naturreservatet har tidlegare vore rydda av grunneigarane, og det er ønskjeleg å fortsetje med dette. Det kan også vere aktuelt å inngå avtalar med lag og foreiningar om søppelrydding.

2.5 Bevaringsmål

Formålet med å verne Osen naturreservat er i følgje verneforskrifta å *«ta vare på eit landskap som inneheld strandenger og vågos ved utløpet av eit verna vassdrag med eit stort sett intakt økosystem»*.


Det er behov for ei ny kartlegging av Osen naturreservat for å fastsette gode bevaringsmål for strandengene i verneområdet. Etter ei slik kartlegging kan det også bli etablert bevaringsmål for brakkvassområda og . Ei ny kartlegging av reservatet er ført opp i tiltakstabellen.

2.5.1 Vegetasjon

Strandenger blir påverka av både salt- og ferskvatn, og får særigne økosystem og eit rikt biologisk mangfald. For å unngå attgroing i reservatet vil vi ha som mål å sette i gang beitetiltak. I 2014 vart delar av reservatet beita.

Tabell 1: Bevaringsmål og tiltak for Osen naturreservat

| Mål nr. | Naturkvalitet | Tilstandsvariabel | Bevaringsmål | Overvaking og gjennomføring | Tilstandsklasse | Tiltak |
|---------|-------------------------------|----------------------------|--|-----------------------------------|-----------------|---|
| 1 | Strandeng og strandsump (G05) | Attgroing | Oppretthalde areal avmerkt i kart (figur 6) som opne strandenger | FM/grunneigarar/ekstern konsulent | Middels | Beite Ny kartlegging |
| 2 | Strandeng og strandsump (G05) | Førekost av framande artar | Det skal ikkje vere framande artar i reservatet | FM/SNO | God | Fjerne nyetableringar av framande artar |



Figur 6: Bevaringsmål Osen naturreservat (sjå tabell 1).

3 BRUKARINTERESSER

Forvaltninga av Osen naturreservat må vere i samsvar med verneformålet og innafor rammene til verneforskrifta. Det er likevel fortsatt ønskeleg å ta omsyn til brukarinteressene så langt det lar seg gjere.

3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlaget for kva aktivitetar som er tillatne i Osen naturreservat. I dette kapittelet vil forskrifta bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene.

Forskrifta er bygd opp som følger:

§ 2: Nemnar formålet med vernet

§ 3: Listar opp kva for aktivitetar som ikkje er lov innafor vernegrensa.

§ 4: Nemnar aktivitetar som er unntak frå forboda i § 3, det vil seie tillate utan søknad.

§ 5: Listar opp kva for aktivitetar og tiltak som det kan bli gjeve løyve til etter søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktivitetar som er nemnt i § 3, men ikkje som unntak i § 4 eller som ein søknadspliktig aktivitet i § 5, er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel etter søknad gi dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldloven (sjå 5.2.7).

3.2 Jordbruk og skogbruk

Status

Arealet til Osen naturreservat omfattar mellom anna lauvskog, innmarksbeite, noko barskog og litt dyrka mark i tillegg til «anna jorddekt fastmark».

Tradisjonelt har strandenger blitt utnytta til beite for hest, storfe og sau. I dag går det geiter og sauar innafor vernegrensa. Det er ønskeleg med beiteaktivitet i reservatet. Både geit, sau, hest og ku er aktuelle som beitedyr.

Rammer og regelverk

I følgje verneforskrifta er all vegetasjon i vatn og på land verna mot all form for skade og øydelegging.

Unntak frå verneforskrifta er tradisjonelt beite. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta er lov utan søknad. Her må det takast omsyn til allmennheita slik at inngjerdinga ikkje stengjer ferdselsvegar. Ei løysing er å sette inn gjerdeklyv. Fylkesmannen kan bidra med finansiering til eingongsinvesteringar som til dømes oppsetting av gjerde eller bygging av leskur.

Motorferdsel i samband med beite eller oppsetting av gjerde er søknadspliktig. Beitetrykk må alltid vurderast mot potensiell trakkskade på vegetasjon og jordsmonn. Tilleggsføring inneber ein gradvis oppgjødsling og trakkskader, og må derfor ikkje førekome i reservatet.

Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som var i bruk på fredingstidspunktet er lov utan søknad. Med vedlikehald meiner vi å opprettehalde den standarden som var på vernetidspunktet. Om ein må nytte motorisert ferdsel i samband med dette arbeidet, må ein søkje Fylkesmannen om løyve.

Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Her vil effektane på verneverdiane bli vurdert opp mot brukarinteressene ved handsaming av søknaden. Verneverdiane blir tillagt stor vekt.

Ein kan søkje om avgrensa uttak av ved. Sjå tekstboks side 14 om retningsliner for hogst og skjøtsel av kantskog innafor reservatet. Fjerning av tre og buskar som er til hinder for jordbruksdrifta må ein også søkje om løyve til.

I erstatningsskjønnet vart to grunneigarar gjeve 5-årig løyve til grustekt. Det kan søkast om fornying av desse løyva.

Retningslinjer for jordbruk og skogbruk

- Beiting utan for mykje slitasje på vegetasjon og jordsmonn er ønskeleg
- Det er lov å setje opp gjerde utan å søkje i samband med beiteaktivitet

Rydding og hogst

Generelt i reservatet

- All skjøtsel i form av rydding eller hogst er søknadspliktig
- Hogsten skal ikkje gi skade på markvegetasjonen
- Landbruksareal skal ha ei naturleg kantsone på ≥ 2 meter mot alt vatn
- Langs alle vassdrag skal vi ta vare på det naturlege vegetasjonsbeltet, jf. § 11 i vassressurslova (sjå nedst i tekstboksen)

Vassressurslova § 11

«Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Denne regelen gjelder likevel ikke for byggverk som står i nødvendig sammenheng med vassdraget, eller hvor det trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget. Grunneieren, tiltakshavere og berørte fagmyndigheter, kan kreve at kommunen fastsetter bredden på beltet. Bredden kan også fastsettes i rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven. Vassdragsmyndigheten kan i særlige tilfelle frita for kravet i første ledd.»

3.3 Friluftsliv, jakt og fiske

Status



Figur 7: Benk og søppeldunk ved fiskeplass Foto: Fylkesmannen

Området er ein del brukt til friluftslivformål. Langs elva er det etablert to fiskeplassar. Her er det sett ut benk, søppeldunk og stativ til fiskestenger.

Rammer og regelverk

Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Heller ikkje kan ein føre inn nye dyreartar. Verneforskrifta er ikkje til hinder for at det kan jaktast på hjortedyr og kanadagås. Likeeins kan ein drive fangst av villmink i reservatet. Kanadagås og villmink er framande artar i norsk natur og er såleis ein trussel mot det biologiske mangfaldet.

Fiske med stang og handsnøre frå land og frå båt, minst 100 meter utanfor elveløpet, er tillate heile året. Men i ei eiga forskrift om fiske etter anadrome laksefisk (laks og sjøaure) er det, frå og med 15.april til og med 30.september, vedteke ei freding av sjøområdet utanfor Oselva, Sotåa og Olterelva (Istadelva). Fredinga gjeld bruk av faststående reiskap samt oter og dorg.

Sanking av bær og matsopp er tillate. Uttak av fjøremark og agnskjel er også lov.

Det er tillate å bruke bålplassar som vart etablert før vernet. Bålplassar som skadar vegetasjonen og som vart etablert etter vernet er ikkje lovlege. Ein bål plass bør plasserast i fjøresona der det ikkje vil øydelegge strandengvegetasjonen. Sankthansbål må ha godkjenning av både Molde kommune og etter verneforskrifta (Fylkesmannen). Ein slik søknad må vurderast etter § 48 i naturmangfaldloven. Det vil bli lagt vekt på verneverdiane i vurderinga av søknaden.

Vidare er det viktig å hugse på at brenning av trevirke med gamal maling eller trykkimpregnert trevirke kan føre til opphoping av mellom anna tungmetallar som er skadeleg for miljø og helse.

Det er forbode å bruke naturreservatet til telteirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement. Ein kan søke om avgrensa bruk til dette. Ein skuleklasse eller ei gruppe barnehagebarn som ønskjer å besøke området treng ikkje å søke.

Utanom eksisterande veg er det ikkje lov å bruke sykkel eller hest. Definisjonen på «eksisterande veg» er en veg som er vist på vernekartet, og i Osen naturreservat er det ikkje vist nokre vegar. Grunnen til at ein ikkje ønskjer bruk av sykkel og hest i verneområdet er at dette kan føre til mykje slitasje og gradvis etablering av nye stigar. Dette er ikkje til hinder for at området kan nyttast til beite for mellom anna hest. Beite er regulert av eigedomsforhold og beiterettar.

Verneforskrifta er ikkje til hinder for opplag av båtar på plassar som var etablerte på vernetidspunktet. For eventuelle nye opplagsplassar må det søkast om løyve hos Fylkesmannen.

Det har vore interesse for å setje opp ein gapahuk ved elveløpet innafor reservatet. Det er ingen heimel i verneforskrifta som tillét eller opnar for å kunne gi løyve til oppføring av nye bygg eller ein sti, så ein slik søknad må vurderast etter dispensasjonsheimelen i § 48 i naturmangfaldlova (sjå kap. 5.2.7 og vedlegg 2). Vi varslar framleis ein restriktiv haldning til å godkjenne slike søknader. Sjølv om

tilrettelegging for friluftsliv i seg sjølv er positivt, vil denne samla belastninga etter kvart kunne vurderast som vesentlege dersom det skulle opnast for gapahukar i verneområda. Brukarane av fiskeplassen kan gjerne slå graset, og eventuelt rydde noko busker og kratt. Det siste må det søkast om.

For merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdseveggar må det søkast om løyve.

Retningslinjer for friluftsliv

- Det er lov å sanke bær og matsopp i reservatet
- Fiske er tillate etter gjeldande regelverk
- Jakt på kanadagås, villmink og hjortedyr er lov
- Det er tillatt å bruke bålplassar som var etablert før vernet

3.4 Informasjon

Det er sett opp to informasjonstavler i reservatet som beskriv verneverdiane i området (vedlegg 5). Verneforskrifta er ikkje til hinder for at ein skuleklasse eller andre små grupper kan bruke området til undervisning.

Retningslinjer for informasjon

- Informasjonstavlene skal vere oppdaterte til ein kvar tid

3.5 Bygningar og tekniske inngrep

Status

Osen naturreservat er ikkje prega av store inngrep. Det kan etter søknad bli gjeve løyve til avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk. Innafor reservatet er det ikkje mange anlegg. Det er fire naust i verneområdet, samt eitt som er delvis innafor vernegrensa. Ei kraftline kryssar reservatet.

Rammer og regelverk

Det er i følge forskrifta ikkje lov å sette opp nye bygningar, anlegg og faste innretningar. Vidare er det ikkje lov til mellom anna å plassere campingvogner i reservatet, føre fram nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygge vegar, drenere, ta ut masse, planere eller lagre masse, legge nye kloakkleidningar, sleppe ut anna konsentrert forureining eller å dumpe avfall. For vedlikehald av eksisterande grøfter eller etablering av nye grøfteløp, samt oppføring av gjerde, sjå kapittel 3.2.

Motorferdsel på land er forbode. Det kan likevel søkast om løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som var i bruk på fredingstidspunktet.

Det er lov med opplag av båt på etablert båt plass. Innafor verneområdet er det fire naust, og eitt som er delvis innafor vernegrensa. Vedlikehald av nausta er tillate utan søknad. Dette gjeld også vedlikehald av etablerte båtstøer som er knytte til naustet, som til dømes å rydde dei for buskar og kratt. Med «vedlikehald» forstår vi reparasjonar og anna småarbeid som ikkje endrar bruken, storleiken eller eksteriøret. Å rydde opp til 1 m frå naustet er også tillate utan søknad. Det må søkjast om ryddinga gjeld store tre, men kvistar, greiner eller ny vegetasjon som veks opp på sida av naustet er lov å fjerne utan å søkje.

Naustet som er delvis innafor vernegrensa er einaste kjente etablerte plassen for opplag av båt i Osen naturreservat. Om det er ønskje om å opprette ein ny plass må ein søkje forvaltingsstyresmakta om løyve.

Fylkesmannen kan etter søknad gi løyve til etablering av anlegg for Kystverket.

Retningslinjer for bygningar og tekniske inngrep

- Det må søkjast om opplag av båt på ny plass
- Vedlikehald kan gjennomførast utan søknad

3.6 Kulturminne

Det er ikkje kjende freda kulturminne innanfor Osen naturreservat, men det er registrert eit eldre, verneverdig naust både på sørsida (Malmen) og nordsida (Haugneset) av reservatet. Rett aust for naturreservatet, på nordsida av Oselva, ligg restar etter Osen Jernverk, eit kulturmiljø som er vurdert å vere av regional verdi i forslag til *Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi*. Det er fylkeskonservatoren som har kulturminnemynde.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

I dette delkapittelet går vi gjennom dei viktigaste forvaltingsoppgåvene i Osen naturreservat. Ulike tiltak er lista opp. Ein tiltakstabell ligg som vedlegg 4.

4.1 Oppsyn

Status

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at vernereglane og vilkåra i eventuelle dispensasjonsvedtak blir etterlevde. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsynet i verneområda i Noreg.

SNO har oppsynsmyndigheta i medhald av lov av 21. juni 1996 om statlig naturoppsyn og politimyndighet etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdselslova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og deler av forureiningslova). tillegg til kontrolloppgåvene etter disse lovene skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, overvaking og dokumentasjon. Mange av disse tiltaka blir gjort i samråd med fylkesmannen og er nærare presentert i denne planen.

Tiltak

- 1) SNO besøker området regelmessig
- 2) Infotavlene og andre skilt skal haldast i stand til ein kvar tid.

4.2 Skjøtsel

Status

Osen naturreservat er trua av attgroing. Strandengene veks att, og krattskogen kan vekse innover på strandengene.

Mål

- 1) Halde heile reservatet fritt for framande artar
- 2) Halde grasengene opne og beitepåverka

Retningsliner

- 1) Alle skjøtels- og restaureringstiltak skal skje i regi av fylkesmannen og SNO
- 2) Aktive tiltak som krev inngrep i felt bør skje utafor hekketida
- 3) Tilbod om gjennomføring av skjøtsel og restaurering skal om mogleg tilbydast grunneigarane, jf. NML § 47

Tiltak

- 1) Fylkesmannen er ansvarleg for fjerning av framande artar
- 2) Auke beiteaktivitet

4.3 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Status

Det er store verdiar knytt til plante- og fuglelivet i Osen naturreservatet. Hittil har det ikkje vore systematiske kartleggingar i området. Det er i tillegg få fugleobservasjonar på artskart.

Mål

- 1) Registreringer i Osen naturreservat skal gi naudsynt kunnskap for å definere operative bevaringsmål og treffe naudsynte skjøtselstiltak for å nå målsettingane.
- 2) Overvakinga skal gi auka kunnskap om ein når bevaringsmålet.

Retningsliner

- 1) Fylkesmannen er ansvarleg for å etablere overvaking av naturkvalitetane i Osen naturreservat, og set arbeidet bort til Statens naturoppsyn, eigna firma eller kompetent organisasjon.
- 2) Resultat av overvakinga skal rapporterast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 3) Utviklinga og tilstanden til naturkvalitetane skal evaluerast, slik at bevaringsmål kan tilpassast eit betre kunnskapsgrunnlag.

Tiltak

- 1) Kartlegge naturtypar, samt plante- og dyreliv i samarbeid med ein ekstern konsulent
- 2) Overvake naturkvalitetane kontinuerleg i tråd med bevaringsmåla.

4.4 Informasjon

Status

Det står i dag to informasjonstavler i Osen naturreservat (vedlegg 5).

Fagstoff om Osen naturreservat finst i tillegg på internett i naturbase (www.naturbase.no) og artskart frå artsdatbanken (<http://artskart.artsdatbanken.no>).

Mål

- 1) Informasjonsplakatane og nettsidene skal til ein kvar tid ha korrekte opplysningar om naturkvalitetane
- 2) Besøkande til området skal få god informasjon om verneverdiane.

Retningslinjer

- 1) Informasjonsstavlane utarbeidast av fylkesmannen eller av den han utpeiker til å gjere arbeidet. Det skal alltid kvalitetssikrast av fylkesmannen
- 2) Det skal vere eit godt samarbeid med andre instansar
- 3) Informasjonen skal ikkje medføre auka belastning på naturreservatet

Tiltak

- 1) Informasjonstavlene skal vere oppdaterte

5 SAKSHANDSAMING

5.1 Forvaltingsstyresmakt

Ansvar for forvaltinga av Osen naturreservat involverer følgjande myndigheiter:

- 1) **Klima- og miljødepartementet (KLD)** er øvste styresmakt for miljøforvaltinga i Noreg. Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedteke blir gjennomført. KLD er overordna myndigheit for forvaltinga av område verna etter naturmangfaldloven.
- 2) **Miljødirektoratet** er øvste fagstyresmakt for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvalting av område verna etter naturmangfaldloven. MID avgjer kven som skal vere forvaltingsstyresmakt for det enkelte verneområde. MID er klageinstans for vedtak som forvaltingsstyresmakta i det enkelte verneområdet har gjort. MID skal også veglede forvaltingsstyresmakta i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltingsstyresmakt for Osen naturreservat.
- 4) **Molde kommune** er styresmakt på fleire av de andre lovverka som er relevante innan fredingsområdet, til dømes plan- og bygningslova og motorferdselslova.

5.2 Lovverk, føringar og forvalting

5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremme verneformålet. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i samsvar med verneformålet. Om noko trugar verneverdiane, er det Fylkesmannen sitt ansvar at naudsynte tiltak blir sett i verk. Forvaltinga av verneområdet skal skje med eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og Fylkesmannen. Forvaltingsplanen for Osen naturreservat er planlagt å bli revidert kvart 10. år for å fange opp eventuelle endringar i verneområdet.

Verneforskrifta for Osen naturreservat ligg som vedlegg 1.

5.2.2 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldloven tredde i kraft 1.juli 2009 og erstattar den gamle naturvernloven.

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltingsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Vi viser til vedlegg 2 med naturmangfaldlova.

Prinsippa skal også brukast ved forvaltning av eksisterande verneområde, inkludert i forvaltingsplanar. Vi vil nedafor gjennomgå prinsippa som grunnlag for arbeidet med forvaltingsplanen, blant anna ved fastsetting av bevaringsmål og skjøtselstiltak.

Offentlege vedtak som angår naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg, bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast.

I denne forvaltingsplanen for Osen naturreservat er det lagt til grunn eit kunnskapsgrunnlag frå eldre og nyare naturfaglege undersøkingar i området. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, blant anna i samband med vurdering av skjøtselstiltak. Ut frå kunnskapen vi har i dag vil tiltaka ikkje ha negativ innverknad på artane og naturtypane som vi vil ta vare på gjennom vernet. Tvert i mot vil aktive skjøtsels- og restaureringstiltak forbetre situasjonen for våtmarksområda i reservatet. Forvaltingsplanen er utarbeida innafor ramma av dei restriksjonar som er satt i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltingsplanen og oppfølging av denne med stor grad av sannsyn vil føre til ein positiv utvikling for artane og naturtypane i området, jf. naturmangfaldloven §§ 4 og 5.

Det vi veit om artane og naturtypane sin utbreiing og økologisk tilstand i denne ska vurderast å vere tilstrekkeleg for å utarbeide denne forvaltingsplanen, og retningslinja om kunnskapsgrunnlaget i § 8 er oppfylt. Føre-var-prinsippet blir tillagt liten vekt i denne saka, jf. naturmangfaldlova § 9.

Forvaltingsplanen gir nærare retningslinjer for aktivitetar som er tillate i naturreservatet innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldloven. Vurdering av den enkelte aktivitet i forhold til samla belastning i verneområdet, vil vere relevant ved vurdering av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. I samband med forvaltingsplanen er det utarbeida nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gi eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området. Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert og tillagt vekt.

Verneforskrifta som forvaltingsplanen bygger på legg vesentlege avgrensingar på korleis tiltak som kan gjerast i området. Dei planlagde tiltaka vurderast til ikkje å ha vesentleg negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem. § 11 i naturmangfaldlova får difor ikkje noko verdi.

Prinsippa i § 12 er relevante. Prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar blir vurdert som aktuelt bl.a. i forbindelse med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering er relevant i samband med bl.a. handsaming av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gjevast og eventuelt kva vilkår som bør settast. Forvaltingsplanen legg opp til skjøtselstiltak som er vurdert å være best mulig tilpassa naturkvalitetane ein ønskjer å ta

vare på. Gjennom den overvaking av naturtilstanden som planen legg opp til, vil ein få eit godt grunnlag for å evaluere gjennomførte skjøtselstiltak og ev. foreta korrigeringar både når det gjeld teknikkar/metodar og lokalisering.

5.2.3 Forholdet til anna lovverk

Det strengaste lovverket er gjeldande for området. Det er viktig å merke seg at andre lover og forskrifter gjelder i tillegg til verneforskriftene i områder verna etter naturmangfaldlova, noko som medfører at det kan være behov for å innhente løyve frå f.eks. kommunen. Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfelle vere naudsynt med både dispensasjon frå motorferdselslova og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldlova. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare reglar om bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er difor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir handsama av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldloven avgrensar ikkje rådigheitsutøvinga utafor verneområdet, ut over at naturmangfaldlova § 49 fastsett at man skal ta omsyn til verneområdet i løyver for tiltak som kan innverknad på verneverdiane.

5.2.4 Utgreiing om unntaksreglane i verneforskrifta

I § 4 i forskrifta er det lista opp ulike aktivitetar og tiltak som er unntak frå vernereglane. Det vil seie at dette vil vere tillate utan å søke forvaltingsstyresmakta om løyve. For å sikre ein konsekvent og føreseieleg forvaltning for ulike brukarinteresser vil vi omtale desse nærare. Vi konkretiserer innhaldet i dei tilfelle det kan oppstå tvil om korleis man skal tolke unntaka.

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- **§ 4 punkt 1** Dette punktet omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld heller ikkje øving for dei aktuelle formåla.
- **§ 4 punkt 2** stadfester at drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet er lov. For Osen gjeld dette grøfta som går ut i bukta like sør for friluftsområdet. Vedlikehald av naust er lov utan søknad. Det er lov å ta vekk buskar og kratt ved båtstø, men ikkje fjerne vegetasjonsdekke. Om det er behov for bruk av motorisert ferdsel i samband med dette må det søkast om løyve for dette hos fylkesmannen.
- **§ 4 punkt 3** opnar for sanking av bær og matsopp.
- **§ 4 punkt 4** stadfester at det kan jaktast på hjortedyr, kanadagås og mink, i samsvar med naturmangfaldlova og viltlova med forskrifter. I dag er fleire av reglane i viltloven erstatta av tilsvarande reglar i naturmangfaldloven. Jakt på hjortevilt omfattar ikkje oppføring av jakttårn eller liknande.
- **§ 4 punkt 5** opnar for fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid. Fiske med stang og handsnøre frå land og frå båt, minst 100 meter utafor elveløpet er tillate heile året. Men i ei eiga forskrift om fiske etter anadrome laksefisk (laks og sjøaure) er det , frå og med 15.april til og med 30.september, vedteke ei freding av sjøområdet utanfor Oselva, Sotåa og Olterelva (Istadelva). Fredinga gjeld bruk av faststående reiskap samt oter og dorg.
- **§ 4 punkt 6** stadfester at tradisjonelt beite innafor reservatet er tillate. Det er interesse for beite for både geit, sau og hest i området. Beiteaktivitet skal vurderast mot trakkskader. Noko øvre tak på tal på dyr eller type dyr vert ikkje sett, men det vil vere aktuelt å sette inn restriksjonar på både dyreslag og tal om det skulle oppstå klare teikn på trakkskadar og hard nedbeiting av verdifull vegetasjon.

- **§ 4 punkt 7** stadfester at jordbruksdrift på eksisterande dyrkamark som er i drift på fredingstidspunktet er lov.
- **§ 4 punkt 8** opnar for å sette opp gjerde på innmark og beiteareal utan å måtte søkje forvaltingsstyresmakta om løyve. Motorisert ferdsel i samband med oppsettinga er derimot søknadspliktig.
- **§ 4 punkt 9** stadfester at drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg er lov. Vidare er naudsynt istandsetjing ved akutt utfall lov. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til forvaltningsstyremakta. Oppgradering og fornying av kraftliner, når dette ikkje medfører endring av, eller breiare linetrasé kan gjennomførast. Tiltakshavar skal varsle forvaltningsstyremakta før arbeidet startar.
- **§ 4 punkt 10** opnar for at det er lov med opplag av båt på etablert båtplass. Dette gjeld naustet ved Kattaholet sør i reservatet.

5.2.5 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak

I verneforskrifta § 5 er det nemnt aktivitetar og formål som forvaltningsmyndigheita kan tillate etter søknad. I vurderinga av slike søknader vil det bli lagt vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet. Alle dispensasjonar skal vere tidsavgrensa.

- **§ 5 punkt 1** opnar for at fylkesmannen kan gi løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet, samt beite og oppsetjing av gjerder. Vidare kan Fylkesmannen gi løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og til oppgradering og fornying av kraftliner. Det kan også søkast om løyve til motorferdsel i samband med sanking av drivved og opprydding. Ein bør likevel unngå motorisert ferdsel på utmarksareala i reservatet så langt det er mogleg.
- **§ 5 punkt 2** opnar for at fylkesmannen kan gi løyve til merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsveggar.
- **§ 5 punkt 3** opnar for etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Om det skal nyttast motorisert ferdsel til dette arbeidet må det søkjast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- **§ 5 punkt 4** opnar for avgrensa uttak av ved. Sjå kapittel 3.2 for retningslinjer for uttak av ved i Osen naturreservat. Det er også aktuelt å ta ut skog og kratt som ein del av skjøtselen i naturreservatet. Dette vil ikkje skje etter denne regelen, men etter naturmangfaldloven sin § 48.
- **§ 5 punkt 5** opnar for opplag av båt på ny plass. Det er eitt naust ved Kattaholet heilt sør i reservatet. Dette ligg delvis inne i verneområdet. Det er ikkje andre plassar som peikar seg ut som spesielt eigna for dette innafor vernegrensa. Uansett er det eit krav at det ikkje skal skade vegetasjonen.
- **§ 5 punkt 6** opnar for avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.
- **§ 5 punkt 7** gir rom for å søkje om sanking av tang og tare etter løyve. Dette vil i så fall vere manuelt uttak frå land eller mindre båt. Det er ikkje rom for uttak til kommersielt bruk, som t.d. taretråling.
- **§ 5 punkt 8** opnar for å rydde unna busk- og trevegetasjon som hindrar jordbruket. Det gjeld også rydding av slik vegetasjon på beitemark. Det er noko dyrka mark i randsona mot

reservatet, og det kan reknast med at det vert gjeve løyve til slikt uttak der dette ikkje skadar verneverdiane.

- **§ 5 punkt 9** opnar for å søkje avgrensa bruk av reservatet til sosiale arrangement av ulik type som jaktprøver, teltleirar og idrettsarrangement. Eit slikt tiltak må vurderast i forhold til blant anna trakkskader.
- **§ 5 punkt 10** gir Kystverket heimel til å legge naudsynte konstruksjonar her, og er ikkje aktuell problemstilling for privatpersonar.
- **§ 5 punkt 11 opnar opp for oppgradering og fornying av kraftliner** som ikkje går inn under § 4, pkt. 9 bokstav c.

5.2.6 Skjøtsel

§ 8 i verneforskrifta opnar for at forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastsetter, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med verneformålet. Dette vil kunne gjelde beiting, uttak av framande treslag og uttak av skog og kratt som en del av skjøtsele av naturreservatet, jf. naturmangfaldlova sin § 47.

5.2.7 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta

Frå den opphavlege generelle dispensasjonsregelen i § 7 i verneforskrifta er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldloven sin § 48:

Forvaltingsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det naudsynt.

I avveginga mellom andre vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særleg leggast vekt på verneområdet sin verdi for det samla nettverket av verneområde og om eit tilsvarande verneområde kan etablerast eller utviklast ein annan stad. Tiltakshavaren kan påleggast å bere rimelege kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarande område.

«*Dispensasjon i særlege tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet*» gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrringar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for søkar og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Osen naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne regelen.

«*Dispensasjon for arbeid av vesentlig samfunnsmessig verdi*» gjeld for tiltak som ikkje vart vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre gis under heilt særskilte forhold av nasjonal tyding. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for å gi dispensasjon med bakgrunn i denne regelen i saker som berre har lokal eller regional tyding.

5.2.8 Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Osen naturreservat.

1. Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Tiltaket skal merkast av på kart som vedlegg til søknaden.
3. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal derfor først vurderast etter verneforskrifta før dei eventuelt vert handsama etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje gjerast om av anna lovverk.
4. Nærare retningslinjer for sakshandsaming er gitt under dei enkelte brukarinteresser. Det er viktig at det i all sakshandsaming blir gjort ei samla vurdering i forhold til tiltaket sin verknad på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.

5. Klage på vedtak gjort av Fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltingsloven. Miljødirektoratet er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast til Miljødirektoratet via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vurderer om det framkjem nye saksopplysningar som gjer at vedtaket kan gjerast om. Dersom Fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt skal klagen sendast til Miljødirektoratet for endelig behandling og vedtak
6. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Molde kommune, Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn.

6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT

Forvaltingsplanen for Osen naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er behov for det. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.



Figur 8: Utløpet til Oselva

7 REFERANSAR

Publikasjonar

Direktoratet for naturforvaltning, 2006. Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2.utgave på Internett sommeren 2007.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, rev. Februar 2010

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1996. Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Rapport nr. 13/95 Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga.

Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Oppland og Norges vassdrags- og energidirektorat, 2010. Skjøtsel av kantvegetasjon.

Gederaas, L., Moen T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – Med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim

Holten, J. I, Frisvoll, A. A. og Aune, E. A., 1986. *Havstrand i Møre og Romsdal. Flora, vegetasjon og verneverdier*. Økoforsk rapport 1986:3A

Holten, J. I, Frisvoll, A. A. og Aune, E. A., 1986. *Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser*. Økoforsk rapport 1986:3B

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen S. og Skjelseth, S. (red). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper. Artsdatabanken, Trondheim.

Moen, A., 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

Nettstader

Artsdatabanken <http://www.artsdatabanken.no/>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal www.fylkesmannen.no/mr

Lovdata www.lovdata.no

Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no

Naturbase www.naturbase.no

Skog og landskap www.skogoglandskap.no

8 VEDLEGG

Vedlegg 1 – Verneforskrift Osen naturreservat

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 87/1 og 2, 88/1,3 og 6, 90/1 og 3, 92/3.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 256 dekar, av dette er ca. 211 dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Molde kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit landskap som inneheld strandenger og vågos ved utløpet av eit verna vassdrag med eit stort sett intakt økosystem.

§ 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje først inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje først inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4. Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.

4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9.
 - a) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg.
 - b) Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til forvaltningsstyremakta.
 - c) Oppgradering og fornying av kraftliner, når dette ikkje medfører endring av, eller breiare linetrasé. Tiltakshavar skal varsle forvaltningsstyremakta før arbeidet startar.
10. Opplag av båt på etablert båt plass.

§ 5. Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6, 8 og 9 bokstav a og c, og sanking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsveggar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.
7. Tang- og taresanking.
8. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
9. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
10. Etablering av anlegg for Kystverket.
11. Oppgradering og fornying av kraftliner som ikkje går inn under § 4, pkt. 9 bokstav c.

§ 6. Ferdsel

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

§ 7. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 8. Skjøtsel

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det skal lagast forvaltningsplan som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9.Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

§ 10.Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2 – Naturmangfoldlova

Nokre viktige reglar i naturmangfoldlova

§ 4. (forvaltingsmål for naturtyper og økosystemer)

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

§ 5. (forvaltingsmål for arter)

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.

Forvaltingsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.

§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltingsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)


Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltingsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltingsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Vedlegg 3 Vernekart



Vedlegg 4 – Tabell over planlagde tiltak

| Tiltak | Prioritet | Utførande aktør | Merknader |
|------------------------------|------------------|--|--|
| Søppelrydding | 1 | FM/grunneigarar/ lokale organisasjonar | Årleg avtale med grunneigar, velforeining eller liknande |
| Endre forskrifta | 2 | FM/MID | Eigedomsinformasjon jf. § 1 |
| Kartlegging naturtyper/artar | 1 | Ekstern konsulent | |
| Framande artar | 1 | FM/SNO | Hindre kanadagås i å hekke på holmen |
| Beiteaktivitet | 1 | FM/Grunneigarar | |

Vedlegg 5 – Informasjonstavle



Strandlapp

Storfe

Foto: Øyvind Lønn



NATURRESERVAT

OSEN

Osen naturreservat vart oppretta i 2002. Formålet med vernet er å ta vare på eit landskap som irrskeid strandengar og vågros ved utløpet av eit verna vassdrag med eit stort sett intakt økosystem. Osen er ein skjerna vågros ved utløpet av Oselva. Strandengene grensar mot dyrkemark, grønskog og noko furuskog. Naturreservatet dekkjer eit totalareal på om lag 256 dekar, av dette er 211 dekar sjø.



Ajeldus



Krypkveit



Raudstilk

LANDSKAP OG GEOLOGI


Inst i vågen har Oselva ført med seg og lagt opp grus i eit stort, flatt område - grusøyer. Lengre ut har isbrear under istida lagt opp randmorenar. Disse kan vi i dag sjå som to utstikkande nes i fjorden. Ein holme er òg med på å gjere elveoden ekstra skjerna mot vær og vind. På grunn av dette er det utvikla lite strandsediment i området. Del to vatna Fosterfågen og Osvatnet lenger opp i vassdraget jamnar ut vassføringa i elva. Osen er relativt unær, med få vesentlege inngrep.

VEGETASJON

Osen er ein middels artsrik lokalitet med 55 registrerte artar. Krypkveit-eng er den dominerande samfunnstypen. Av andre samfunnstypar kan vi nemne raudsvingel-eng, strandkveit-grusstrand og høgritfleiråsvoll med mjøsdurt som dominerande art. Ein sjeldan art, saltstorr, er påvist. I ein næringsrik poll lengst i aust i naturreservatet er det funne ein førekkomst av elvemose.



Strandsnippe



DYRELIV

Osen naturreservat er eit sær viktig funksjonsområde for fuglearter som er knytt til våtmark som til dømes siland, gluttsnippe, raudstilk. Området er eit viktig overvintringsområde og rasteplass for vassfuglar. Av sjeldne artar som er registrert i område kan vi nemne songsvane, fiskemåke, strandsnippe, og svartand. Del tre siste er ført opp på Raudlista for truga artar (2010). Oselva har stor produksjon av både laks og aure.



Songsvane

KULTURPÅVERKNADER

Osen har vore beta av storfe, hest og sau. Det er ønskeleg at beitet fortsett.

Det er ikkje gjort vesentlege inngrep i området. Ved bruk finn vi restar av Osen jernverk.



Fiskemåke

VELKOMMEN TIL OSEN NATURRESERVAT

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv, fiske eller sankning av bær og matsopp. Jakt på hjortevilt er tillate i samsvar med reglane i viltlova. På same vis kan ein drive jakt og fangst på dei introduserte artane kanadagås og villmint.

Vi vil be om at du:

- viser omsyn til plante- og dyrelivet. Vegetasjonen og dyrelivet er freda mot skade og øydelegging.
- respekterer at allmenn motorisert ferdsel er forbode.

I naturreservatet er det elles forbod mot mellom anna terrengingrep, utbygging, utfylling, forsepling, samt ridning og syding utanom eksisterande stiar og vegar.

Vemeforskrifta og annan utfyllande informasjon om

Osen naturreservat er lagt ut på

www.naturbase.no Sjå også www.miljostatus.no

Forvaltning, informasjon og oppsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Tlf. 71 25 80 00

Statens naturoppsyn. Tlf. 73 58 05 00

www.fylkesmannen.no – www.naturoppsyn.no

Foto: Asbjørn Bernt, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2022

Vedlegg 6 - Sakshandsaming forvaltningsplanen

Høyring

Forvaltningsplanen har ligge ute på høyring i perioden 26.11.2014 – 16.01.2015. Det kom 3 fråsegner til planen:

Statens vegvesen minner om at det må søkjast dersom det skal reservatet skal skiltast langs fylkesveg 406.

Møre og Romsdal fylkeskommune er nøgde med at planen viser korleis vernereglane skal tolkast, og dei ser det som viktig å sjå natur og kulturmiljø i reservatet i samanheng. Informasjonen om området bør vere tydeleg om kva bruk som er tillate for ålmenta.

Ein grunneigar ser det som viktig at det vert beita i området. Det bør gjevast økonomisk støtte til beitetiltak, og beiting bør ikkje avgrensast til tradisjonelt beite slik det står i planen. Grunneigaren tek også opp ei konkret sak om eit platting som er bygd i reservatet, og som forvaltningsstyresmaktene vil ha fjerna. Det er viktig å ha ein opphaldsplass i området.

Vurdering

Fylkesmannen ser ikkje behov for å skilte til reservatet langs fylkesvegen. Infotavla om reservatet er plassert inne i området, utan at det generer trafikken. Infotavla inneheld generell informasjon om ferdsel og bruk av området. Vi ser på dette som tilstrekkeleg.

Vi er kjent med at det er i verneverdig naust ved Malmen sørvest i reservatet, og har omtala dette i planen. Vi er samde i at ein må sjå verdiar i natur og kulturminne i samanheng, og dette kan samla styrke verdien til eit område.

Fylkesmannen er samd med grunneigaren i at det er viktig med beiting, og det er også løyvt midlar til gjerdning i området. Det må presiserast at beiting med dei vanlege husdyrartane som har vore brukt før, skal kunne fortsetje. Dette betyr sau, geit, storfe og hest. Ein må vurdere beitetrykket slik at ein unngår skadar og erosjon.

Saka med plattingen i Osen er avgjort med utfallet at den skal fjernast. Det er difor ikkje aktuelt med noko ny vurdering på dette i forvaltningsplanen.